



Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Hordaland Fylkeskommune  
att: Trond Wahl  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Hålandsdalen, 2. juni 2015

## **Vedr. fortøyninger – søknad sjølokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune**

Vi syner til vår søknad til Lindås kommune 15. mai d.å. om dispensasjon frå arealplanen på sjølokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune, samt søknad 21. mai d.å. til Hordaland Fylkeskommune vedrørende same lokalitet.

Søknadane er innsendt fordi vi ynskjer å bytte ut det gamle anlegget på lokaliteten med eit nytt og antakeleg meir rømningsikkert anlegg.

I begge søknader er det lagt ved eit olex kart og angitt koordinatar for fortøyningar i nord/nord aust, som delvis kan gripe inn i, og komme i konflikt med andre brukarar av Fensfjorden. Vi har no også fått gjennomført gransking av botntopografi med ROV i det aktuelle området, og konklusjonen er at det er meir hensiktsmessig at fortøyningane i nord blir lagt på same djupnekote som dei gamle fortøyningane. Vidare vil fortøyning F N2 til fôrflåten bli flytta til ca kote 600-650 meter slik at heller ikkje denne fortøyninga kjem i konflikt med andre brukarar. Vi inntar som Vedlegg a oppdatert Olex-kart og som Vedlegg b-c oppdaterte koordinatar.

Me ber om at desse vert lagt til grunn for begge søknadar, herunder ved høyringa av søknadane.

Ta gjerne nærare kontakt med underteikna dersom noko er uklart.

Med venleg helsing  
Eide Fjordbruk AS / Fyllingsnes Fisk AS

Arne Herre Staveland